

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 24. november 2011, kl. 16.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch, Roger Lillebø og varamedlem Vigdis Hove Øie

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

**SAK 11/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. JUNI 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 6. juni 2011 blir godkjent.

**SAK 12/11**

**ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON**

Orientering gitt av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 13/11****OPPLEGG FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I DEN NYE VALPERIODEN**

Saksdokument datert 18.11. 2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil arbeide med:

1. Oppfølging av politiske vedtak
2. Plan for forvaltningsrevisjon
3. Plan for selskapskontroll
4. Behandling av tilsynsrapportar frå fylkesmannen.

Løpande saker vil kome i tillegg. Leiar og dagleg leiar vil drøfte vidare ein plan for aktiviteten.

**SAK 14/11****ØKONOMIRAPPORT 3. KVARTAL 2011 - STORDAL KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 18.11. 2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek økonomirapport 3. kvartal 2011 til orientering.

**SAK 15/11****BUDSJETT 2012 – STORDAL KONTROLLUTVAL (Saka kom opp under eventuelt)**

Budsjett for tilsyn og kontroll i Stordal kommune ligg i all hovudsak i budsjetta til kommunerevisjonen og kontrollutvalsekretariatet som begge er interkommunale selskap med summar som må innarbeidast i Stordal kommune sitt budsjett. Møtegodtgjersle skal ligge i budsjettet til Stordal kommune saman med andre utval. Det melder seg eit ekstra behov for opplæring og kurs for nytt kontrollutval.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Kontrollutvalet har eit opplæringsbehov på 30.000 kroner som blir å legge inn i budsjettet til Stordal kommune.

**SAK 16/11****MØTEDAGAR, OPPMØTE FOR VARAMEDLEM (Saka kom opp under eventuelt)**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Alle dagar unntatt onsdagar kan brukast til møtedagar
2. Første varamedlem møter fast.

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Jonas Falch  
nestleiar  
(sign.)

Roger Lillebø  
medlem  
(sign.)